

## Korleis går eg fram for å utbetre leidningen?

Dersom du mistenkjer at det er ein lekkasje, bør du kontakte forsikringsselskapet ditt. For å få utbetra leidningen må du ta kontakt med ein godkjend røyrleggjar. Røyrleggjaren kan svare på om føretaket er godkjent for denne typen oppdrag.

Reparasjon av lekkasjar er normalt ikkje søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

Dersom leidningen er gammal og i dårlig stand, er det som regel lurt å skifte heile leidningen for å unngå lekkasjeproblem i framtida. Utskifting av leidningen er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-1 første ledet bokstav a, med mindre kommunen gjer særskilt unntak. Sjå nettsidene til kommunen eller kontakt bygningsstyresmakta i kommunen for meir informasjon om søknadsplikta. Eit alternativ kan vere å rehabilitera leidningen ved å trekke inn ein ny, mindre leidning eller plaststrømpe på innsida av den eksisterande leidningen.

Dersom anboringa må skiftast, må røyrleggjaren ta kontakt med kommunen.

## Når leidningen er utbetra

Straks leidningen er utbetra, ber vi om at du saman med røyrleggjarfirmaet fyller ut og returnerer skjemaet *Ferdigmelding av sanitæranlegg*.



SULA KOMMUNE

## Utbetting av avløpsleidningar



Foto: Christen Ræstad

Det renn fleire tusen liter avløpsvatn frå dei fleste bustadene kvar veke – syt for at avløpsvatnet når fram til reinseanlegget!




SULA KOMMUNE

## Plikt til å utbetre avløpsleidningen

Når du eig ein bygning som er knytt til den kommunale avløpsleidningen, er leidningen frå bygningen og fram til den kommunale hovudleidningen ditt ansvar og din eideom.

Dersom fleire eigendommar har sams stikkleidning som er knytt til den kommunale leidningen, er det ofte gjort avtalar om vedlikehald. Dersom avtalen er tinglyst, kan du finne han hos Kartverket. Kommunen pålegg til vanleg i abonnementsvilkåra eigarane eit solidarisk ansvar for vedlikehaldet av den felles stikkleidningen.



Illustrasjon: Augon Johnsen

Det går fram av abonnementsvilkåra til kommunen at den som eig leidningane, er ansvarleg for at vass- og avløpsanlegget på eigedommen alltid er i samsvar med forskriftene.

Kommunen er forureiningsstyresmakt etter forureiningslova § 22 andre leddet, og kan krevje at du både utbetrar og legg om avløpsleidningen din.

Når kommunen rimeleg sikkert har grunn til å tru at avløpsleidningen din ikkje er tett nok, kan han krevje at du fornyar eller legg han om.

Kommunen kan også krevje at du utbetrar avløpsleidningen din samstundes som kommunen utbetrar sin eigen leidning dersom leidningane er like gamle.

## Korleis oppdagar vi lekkasjane?


Når kommunen undersøkjer sine eigne leidningar, blir det òg av og til oppdagat lekkasjar på private leidningar. I tillegg kan kommunen få inn meldingar frå nabobar og andre som oppdagar at det kjem opp avløpsvatn i terrenget eller vond lukt.

## Kvifor må eg stanse lekkasjen?

- Du unngår at avløpsvatnet renn ut i grunnen med fare for at menneske og dyr blir sjuke.
- Lekkasje i avløpsleidningen kan føre til forureining av drikkevatnet dersom vassleidningen ikkje er heilt tett.
- Det reduserer risikoen for at du får tilbakeslag av avløpsvatn i din eigen bustad.
- Du hindrar eventuelle luktproblemer.
- Du hindrar at lekkasjen utviklar seg til eit fullt leidningsbrot, som kan skade nærmiljø og bygningar.

## Kommunen jobbar med å utbetre leidningsnettet

Kommunen har eit program for å skifte ut därlege leidningar. Samstundes som vi skifter ut dei kommunale leidningane, blir eigarane av private leidningar i same området bedne om å skifte leidningane sine.



Illustrasjon: Geir Moen